

Ordføreren Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen. Osterøy og Radøy kommune

MØTEINNKALLING.

Innkalling til møte i representantskapet for Nordhordland Revisjon IKS.

Dato: Fredag 12. desember 2014

Kl. 0900

Stad: I same lokaler som møte i Regionrådet same dag.

SAKSLISTE:


- SAK 08/14 GODKJENNING AV MØTEINNKALLING OG SAKSLISTE
- SAK 09/14 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 23.05.2014
- SAK 10/14 MELDINGAR
 - Referat frå styremøte 12.06.14
 - Referat frå styremøte 18.08.14
 - Referat frå styremøte 06.10.14
 - Styret sin møteplan 2015
 - Orientering frå styreleiar
- SAK 11/14 GODKJENNING AV ÅRSBUDSJETT 2015
- SAK 12/14 GODKJENNING AV ØKONOMIPLAN 2016-2019
- SAK 13/14 VAL AV STYREMEDLEMMER OG PERSONLEGE VARAMEDLEMMER
- SAK 14/14 VAL AV STYRELEIAR OG NESTLEIAR

Knarvik, 24.11.2014

Nils Marton Aadland
Nestleiar i representantskapet


Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

Dersom nokon ikkje kan møte, ber ein om at De melder dette til revisjonen. Etter selskapsavtalen § 6 er det varaordførar som er varamedlem til representantskapet.



— UTKAST —

REPRESENTANTSKAPSMØTE

NORDHORDLAND REVISJON IKS

Dato: Mandag 12. desember 2014

Kl.:

Stad:

Desse møtte:

Austrheim kommune:	Per Lerøy
Fedje kommune:	Kristin Handeland
Masfjorden kommune:	Karstein Totland
Meland kommune:	Nils Marton Aadland (nestleiar i representantskapet)
Modalen kommune:	Knut Moe
Osterøy kommune:	Kari Foseid Aakre (leiar i representantskapet)
Radøy kommune:	Jon Askeland

Forfall:

Dessutan møtte: Styreleiar Jorund Stellberg og revisjonssjef Reidar Bjørsvik

SAKSLISTE:

- SAK 08/14 GODKJENNING AV MØTEINNKALLING OG SAKSLISTE
 - SAK 09/14 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 23.05.2014
 - SAK 10/14 MELDINGAR
 - Referat frå styremøte 12.06.14
 - Referat frå styremøte 18.08.14
 - Referat frå styremøte 06.10.14
 - Styret sin møteplan 2015
 - Orientering frå styreleiar
 - SAK 11/14 GODKJENNING AV ÅRSBUDSJETT 2015
 - SAK 12/14 GODKJENNING AV ØKONOMIPLAN 2016-2019
 - SAK 13/14 VAL AV STYREMEDLEMMER OG PERSONLEGE VARAMEDLEMMER
 - SAK 14/14 VAL AV STYRELEIAR OG NESTLEIAR
-

Leiar i representantskapet Kari Foseid Aakre ynskta velkommen og leia møtet.

Etter lov om interkommunale selskap § 9 skal møteutskrifta underskrivast av møteleiar og to av representantane som blir vald i møtet. Til å underskrive møteboka vart vald xx og xx i tillegg til møteleiar.

SAK 08/14 GODKJENNING MØTEINNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:
Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

SAK 09/14 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 23.05.2014

Det var ingen merknader til møteutskrift.

Vedtak:
Møteutskrift av 23.05.2014 vart godkjent.

SAK 10/14 MELDINGAR

Referat frå styremøte 12.06.14
Referat frå styremøte 18.08.14
Referat frå styremøte 06.10.14
Styret sin møteplan 2015
Orientering frå styreleiar

Med grunnlag i meldingane var det stilt spørsmål frå representantskapet og styreleiar svara på desse.

Vedtak:
Meldingane vart tekne til etterretning.

SAK 11/14 GODKJENNING AV ÅRSBUDSJETT 2015

Styret sitt framlegg til årsbudsjet og budsjettkommentarar var sendt ut saman med innkalling. Styret sitt vedtak om budsjettet 2015 framgår av styresak 21/14.

Samrøystes vedtak:
Framlegg til budsjett 2015 er vedteke av styret og blir lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.
Styret sitt vedtakne budsjett er vedlagt møteboka.

Styreleiar orienterte om hovudpunkt i budsjett for 2015.

Vedtak:
Styret sitt framlegg til budsjett for 2015 vart vedteke.

SAK 12/14 GODKJENNING AV ØKONOMIPLAN 2016-2019

Styret sitt framlegg til økonomiplan for 2016 til 2019 var sendt ut saman med innkalling. Styret sitt vedtak om økonomiplan framgår av styresak 22/14:

Samrøystes vedtak:

Framlegg til økonomiplan 2015 – 2019 er vedteken av styret og blir lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.

Styret sin vedtekne økonomiplan er vedlagt møteboka.

Styreleiar orienterte om økonomiplanen.

Vedtak:

Styret sitt framlegg til økonomiplan for 2016-2019 vart vedteke.

SAK 13/14 VAL AV STYREMEDLEMMER OG NUMMERERTE VARAMEDLEMMER

Valnemnda sitt forslag vart lagt fram i møtet.

Fylgjande styremedlemmer står på val denne gongen:

Nestleiar: Magne Rifsgård, Meland
Medlem: Margrethe Riple Ådland, Osterøy

Varamedlemmene blir vald kvart år.

Etter vedtak i sak 05/10 i representantskapet tiltrer årets nyvalde styremedlemmer 01.01.2015. I same sak vart det vedteke at styret skal ha 3 nummererte vara-medlemmer.

I lov om interkommunale selskap § 10 går det fram at reglane i aksjelova om representasjon av begge kjønn gjeld tilsvarande. Det medfører at det må vera minst 2 kvinner og 2 menn blant styremedlemmene og minst ei kvinne og ein mann blant varamedlemmene.

Valnemnda sitt forslag til val av styremedlemmer framgår av kolonne 2 under:

Styremedlemer i 2014	Valnemnda sitt forslag for 2015 og 2016
Jorund Stellberg, Austrheim	(Vald for 2014 og 2015, ikkje på val)
Magne Rifsgård, Meland	
Olav Steinar Namtvedt, Radøy	(Vald for 2014 og 2015, ikkje på val)
Lovisa Midtbø, Masfjorden	(Vald for 2014 og 2015, ikkje på val)
Margrethe Riple Ådland, Osterøy	
1. vara Reidar Hjertås, Meland	1. vara
2. vara Vilgerd Storset Husa, Fedje	2. vara
3. vara Kjersti Haugland, Radøy	3. vara

Vedtak:

Valnemnda sitt forslag til val av styremedlemmer og varamedlemmer vart vedteke.

SAK 14/14 VAL AV STYRELEIAR OG NESTLEIAR

I 2014 har Jorund Stellberg vore styreleiar og Magne Rifsgård nestleiar i styret.

Valnemnda sitt framlegg vart presentert i møtet.

Vedtak:

_____ vart vald til styreleiar og
_____ vart vald til nestleiar i styret for 2015.

Isdalstø, 12. desember 2014.

Kari Foseid Aakre
Leiar i representantskapet

UTKAST

REPRESENTANTSKAPSMØTE
NORDHORDLAND REVISJON IKS

MØTEUTSKRIFT

Dato: 23.05.2014
Kl.: 0900
Stad: Nordhordland Revisjon IKS møterom

Desse møtte:

Austrheim kommune: Per Lerøy
Fedje kommune: Forfall
Masfjorden kommune: Forfall
Meland kommune: Lars Barstad, vara for Nils Marton Aadland (nestleiar)
Modalen kommune: Forfall
Osterøy kommune: Kari Foseid Aakre (leiar)
Radøy kommune: Jon Askeland

Forfall: Kristin Handeland
Knut Moe
Karstein Totland

Dessutan møtte: Styreleiar Jorund Stellberg og revisjonssjef Reidar Bjørsvik.

SAKSLISTE:

SAK 01/14 GODKJENNING AV MØTEINNKALLING OG SAKSLISTE
SAK 02/14 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 09.12.2013
SAK 03/14 MELDINGAR
Referat frå styremøte 26.11.13
Referat frå styremøte 28.04.14
Orientering frå styreleiar
SAK 04/14 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP 2013
SAK 05/14 MØTEGODTGJERSLE
SAK 06/14 GODTGJERSLE TIL REVISOR

Leiar i representantskapet Kari Foseid Aakre ynskje velkommen.

Etter lov om interkommunale selskap § 9 skal møteutskrifta underskrivast av møteleiar og to av representantane som blir vald i møtet. Til å underskrive møteboka vart vald Lars Barstad og Per Lerøy i tillegg til møteleiar.

Representantskapet vil presisere av representantar må melde forfall og gi fullmakt når ein ikkje kan møte.

SAK 01/14 GODKJENNING AV MØTEINNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent med tillegg av nye sak 07/14 Val av styremedlemer og nummererte varamedlemer.

SAK 02/14 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 09.12.2013

Det var ingen merknader til møteutskrift.

Vedtak:

Møteutskrift av 09.12.2013 vert godkjent.

SAK 03/14 MELDINGAR

Referat frå styremøte 26.11.13

Referat frå styremøte 28.04.14

Orientering frå styreleiar

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning.

SAK 04/14 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP 2013

Årsmelding, rekneskap, revisjonsmelding samt epost frå revisor og signert fullstendighetserklæring er sendt ut med innkalling.

Styret har gjort fylgjande vedtak om årsmelding og årsrekneskap 2013 i sak 04/14:

Samrøystes vedtak:

Styret godkjenner og signerer årsrekneskap og årsmelding.

Styret gjer framlegg om fylgjande vedtak i representantskapet:

Representantskapet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2013.

Årets mindreforbruk, kr 630 676, blir avsett til disposisjonsfond øymerka lønn- og pensjonsområdet.

Rekneskap og årsmelding vart gjennomgått og kommentert.

Vedtak:

Representantskapet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2013.

Årets mindreforbruk, kr 630 676, blir avsett til disposisjonsfond øymerka lønn- og pensjonsområdet.

SAK 05/14 MØTEGODTGJERSLE

Vedlagt innkalling låg oversikt over godtgjersle etter vedtak i representantskapet 2005, 2008, 2009, 2010, 2011, 2012 og 2013.

I representantskapet sitt møte 14.06.2011, sak 05/11 vart det uttrykt ynskje om at valnemnda legg fram innstilling i framtidige saker om fastsetting av møtegodtgjersle. Valnemnda presenterte sitt framlegg i møtet.

Vedtak:

Nye satsar med virkning for 2014:

	Gjeldande	Ny sats
Godtgjersle leiar	Kr 34 000	Kr 35 000
Godtgjersle nestleiar	Kr 7 500	Kr 8 000

Nye satsar med virkning frå 14.06.12:

	Gjeldande	Ny sats
Møtegodtgjersle	Kr 1 500	Uendra
Tapt arbeidsfortjeneste udokumentert	Inntil kr 1 600	Uendra
Tapt arbeidsfortjeneste dokumentert	Inntil kr 3 300	Uendra

SAK 06/14 GODTGJERSLE TIL REVISOR

Revisjonsgodtgjersle er utgiftsført med kr 24 000 i 2013. I 2012 var utgiftsført revisjonshonorar kr 20 265.

Vedtak:

Godtgjersle til revisor blir godkjent etter rekning.

SAK 07/14 VAL AV STYREMEDLEMMER OG NUMMERERTE VARAMEDLEMMER

Val av styremedlemer i desember 2013 dekkja ikkje krav til likestilling i Lov om interkommunale selskap. Valnemnda sitt forslag til endring i styret vart lagt fram i møtet.




Valnemnda sitt forslag til val av styremedlemer framgår av kolonne 2 under:


Sitjande styremedlemer	Valnemnda sitt forslag
Jorund Stellberg, Austrheim	(Vald for 2014 og 2015)
Magne Rifsgård, Meland	Magne Rifsgård, Meland
Kjersti Haugland, Radøy	Olav Steinar Namtvedt, Radøy
Lovisa Midtbø, Masfjorden	(Vald for 2014 og 2015)
Margrethe Riple Ådland, Osterøy	Margrethe Riple Ådland, Osterøy
1. vara Reidar Hjertås, Meland	1. vara Reidar Hjertås, Meland
2. vara Vilgerd Storset Husa, Fedje	2. vara Vilgerd Storset Husa, Fedje
3. vara Olav Steinar Namtvedt, Radøy	3. vara Kjersti Haugland, Radøy

Vedtak:

Valnemnda sitt forslag til val av styremedlemmer og varamedlemmer vart vedteke.

Isdalstø, 23. ~~juni~~^{mai} 2014

		
Kari Foseid Aakre Leiar	Per Lerøy	Lars Barstad


Reidar Bjørsvik
Referent

STYRET FOR NORDHORDLAND REVISJON IKS

MØTEUTSKRIFT STYRET

Møtedato: 12. juni 2014
Kl: 09.00
Stad: Nordhordland Revisjon IKS, møterom
Desse møtte: Jorund Stellberg (leiar), Magne Rifsgård (nestleiar), Margrethe Riple
Ådland, Olav Steinar Namtvedt, Lovisa Midtbø, Reidar Hjertås (1.
vara-medlem)
Møteleiar: Jorund Stellberg
Forfall: Ingen
I tillegg møtte: Reidar Bjørsvik (revisjonssjef), Sigrun Tjore (tilsette sin representant)

SAKSLISTE:

Sak 6/14 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.
Sak 7/14 Godkjenning av møteutskrift av 28.04.2014.
Sak 8/14 Meldingar og orientering.

- Orientering om drift og aktuelle saker
- Rekneskap pr 31.05.
- Lønnsoppgjer 2014
- Representantskapsmøte 23.05.14

Sak 09/14 Revisors melding
Sak 10/14 Personalpolitikk – tillegg om elektronisk kommunikasjon
Sak 11/14 Eventuelt

Jorund Stellberg ynskte velkommen til møtet.

Sak 06/14 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.

Samrøystes vedtak:

Det var ingen merknad til møteinnkalling og saksliste.

Sak 07/14 Godkjenning av møteutskrift av 28.04.14.

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift 28.04.14 vart godkjent.

Sak 08/14 Meldingar og orientering.

- Orientering om drift og aktuelle saker
- Rekneskap pr 30.05.
- Lønnsoppgjeret 2014
- Representantskapsmøte 23.05.14

Samrøystes vedtak:
Styret tek meldingar til etterretning.

Sak 09/14 Revisors melding
Vedlagt revisor sin uttale til årsrekneskapen for 2013.

Samrøystes vedtak:
Revisor sin uttale vart teken til orientering.

Sak 10/14 Personalpolitikk – tillegg om elektronisk kommunikasjon
Styreleiar orienterte om vedteken personalpolitikk i selskapet.

Til saka fylgde notat frå revisjonssjef med forslag til reglement for bruk av elektroniske media samt artikkel i Sticos om same emne.

Styret diskuterte forslaget til reglement. Forslaget blir lagt inn i personalpolitikk og handsama i neste styremøte saman med vidareføring av dokumentet.


Samrøystes vedtak:
Styret godkjenner reglement for bruk av elektroniske media. Justert dokument «Personalpolitikk» blir handsama i neste styremøte.

Sak 11/14 Eventuelt
Det var ingen saker under eventuelt.

Neste ordinære styremøte ifylgje møteplan er 18.08.2014.

Knarvik, 12.06.2014


Jorund Stellberg
Styreleiar


Magne Rifsgård
Nestleiar


Lovisa Midtbø


Margrethe Riple Adland


Olav Steinar Namtvedt


Reidar Bjørsvik
revisjonssjef

Kopi: Ordfører/rådmenn i Nordhordland Revisjon IKS, revisor

STYRET FOR NORDHORDLAND REVISJON IKS

MØTEUTSKRIFT STYRET

Møtedato: 18. august 2014
Kl: 12.00
Stad: Nordhordland Revisjon IKS, møterom
Desse møtte: Jorund Stellberg (leiar), Magne Rifsgård (nestleiar), Margrethe Riple
Ådland, Olav Steinar Namtvedt, Lovisa Midtbø, Reidar Hjertås (1.
vara-medlem)
Møteleiar: Jorund Stellberg
Forfall: Ingen
I tillegg møtte: Reidar Bjørsvik (revisjonssjef), Sigrun Tjore (tilsette sin representant)

SAKSLISTE:

Sak 12/14 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.
Sak 13/14 Godkjenning av møteutskrift av 12.06.2014.
Sak 14/14 Meldingar og orientering.

- o Orientering om drift og aktuelle saker
- o Rekneskap pr 30.06.

Sak 15/14 Ramme for lønsoppgjeret
Sak 16/14 Personalpolitikk – tillegg om elektronisk kommunikasjon
Sak 17/14 Eventuelt

Jorund Stellberg ynskte velkommen til møtet.

Sak 12/14 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.

Samrøystes vedtak:

Det var ingen merknad til møteinnkalling og saksliste.

Sak 13/14 Godkjenning av møteutskrift av 12.06.14.

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift 12.06.14 vart godkjent.

Sak 14/14 Meldingar og orientering.

- o Orientering om drift og aktuelle saker
- o Rekneskap pr 30.06.

Samrøystes vedtak:

Styret tek meldingar til etterretning.

Sak 15/14 Ramme for lønsoppgjøret

Notat frå revisjonssjef var vedlagt sakspapir. Styret diskuterte ramme for årets lønsoppgjøret.

Samrøystes vedtak:

Total ramme for lønsoppgjøret i 2014 blir på 4 %.

Sak 16/14 Personalpolitikk – tillegg om elektronisk kommunikasjon

Til saka fylgde notat frå revisjonssjef med forslag til tekst som skal inn i dokumentet «Personalpolitikk» under punkt 3. Framlegget byggjer på vedtak i sak 10/14 om innhaldet i avsnittet.

Styret diskuterte forslaget.

Samrøystes vedtak:

Styret godkjenner reglement for bruk av elektroniske media slik det framgår av notat vedlagt denne saka.

Sak 17/14 Eventuelt

Det var ingen saker under eventuelt.

Neste ordinære styremøte ifylgje møteplan er 06.10.2014 kl 1200.

Knarvik, 18.08.2014



Jorund Stellberg
Styreleiar


Magne Rifsjørd
Nestleiar


Lovisa Midtbø


Margrethe Riple Ådland


Olav Steinar Namtvedt


Reidar Bjørsvik
revisjonssjef

Kopi: Ordførar/rådmenn i Nordhordland Revisjon IKS, revisor

STYRET FOR NORDHORDLAND REVISJON IKS

MØTEUTSKRIFT STYRET

Møtedato: 6. oktober 2014
Kl: 12.00
Stad: Nordhordland Revisjon IKS, møterom
Desse møtte: Jorund Stellberg (leiar), Magne Rifsgård (nestleiar), Margrethe Riple
Ådland, Olav Steinar Namtvedt, Reidar Hjertås vara for Lovisa Midtbø,
Møteleiar: Jorund Stellberg
Forfall: Lovisa Midtbø,
I tillegg møtte: Reidar Bjørsvik (revisjonssjef), Sigrun Tjore (tilsette sin representant)

SAKSLISTE:

Sak 18/14 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.
Sak 19/14 Godkjenning av møteutskrift av 18.08.2014.
Sak 20/14 Meldingar og orientering.

- o Orientering om drift og aktuelle saker
- o Rekneskap 31.08.14
- o Lønsoppgjer 2014
- o Årsplan for styret 2015

Sak 21/14 Budsjett 2015
Sak 22/14 Økonomiplan 2015-2019
Sak 23/14 Gjennomgang internkontroll
Sak 24/14 Eventuelt

Jorund Stellberg ynskte velkommen til møtet.

Sak 18/14 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.

Samrøystes vedtak:

Det var ingen merknad til møteinnkalling og saksliste.

Sak 19/14 Godkjenning av møteutskrift av 18.08.14.

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift 18.08.14 vart godkjent.

Sak 20/14 Meldingar og orientering.

- o Orientering om drift og aktuelle saker
- o Rekneskap 31.08.14
- o Lønsoppgjer 2014

- Årsplan for styret 2015

Heimeside blir gjennomgått i neste styremøte.

Samrøystes vedtak:
Styret tek meldingar til etterretning.

Sak 21/14 Budsjet 2015

Vedlagt innkalling var det sendt ut framlegg til budsjett 2015. Det var også lagt ved KLP sitt anslag på neste års pensjonspremie.

Styret gjekk gjennom og kommenterte budsjettet.

Samrøystes vedtak:
Framlegg til budsjett 2015 er vedteke av styret og blir lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.
Styret sitt vedtekne budsjett er vedlagt møteboka.

Sak 22/14 Økonomiplan 2015 – 2019

Vedlagt innkalling var det sendt ut framlegg til økonomiplan 2015 – 2019.

Styret gjekk gjennom og kommenterte framlegg til økonomiplan.

Samrøystes vedtak:
Framlegg til økonomiplan 2015 – 2019 er vedteken av styret og blir lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.
Styret sin vedtekne økonomiplan er vedlagt møteboka.

Sak 23/14 Gjennomgang internkontroll

Vedlagt innkalling var det sendt ut notat frå revisjonssjef med kommentar til internkontroll der det er teke utgangspunkt i selskapet sin vedtekne strategiplan, mål og risikoområder i denne vurdert opp mot dagens situasjon.

Styret gjekk gjennom og kommenterte risikoområder og vurderingar.

Samrøystes vedtak:
Internkontrollvurdering er gjennomgått av styret. Styret er enig i dei vurderingar og tiltak som er skissert i notat til saka.

Sak 24/14 Eventuelt

Det var ingen saker under eventuelt.


Neste ordinære styremøte ifylgje møteplan er 24.11.2014 kl 1230.


Knarvik, 06.10.2014


Jorund Stellberg
Styreleiar


Magne Rifsgård
Nestleiar


Lovisa Midtbø


Margrethe Riple Adland


Olav Steinar Namtvedt


Reidar Bjørsvik
revisjonssjef

Kopi: Ordfører/rådmenn i Nordhordland Revisjon IKS, revisor

Nordhordland Revisjon IKS

Budsjettføresetnader 2015

Honorar kommunar

Auke 3% på grunn av prisstigning. Dette er i samsvar med økonomiplan.

Andre honorar

Justert i forhold til kjente endringer i kundeportefølgjen.

Andre honorar er justert med ca 3%.

Det er budsjettet med kr 350 000 i salg av tenester til NHR AS. Dette er ein auke på kr 175 000 i høve til prognose 2014.

Overføringer

Her er ikkje budsjettet med inntekt frå sjukelønsrefusjon.

Mva kompensasjon blir inntektsmessig og utgiftsmessig budsjettet med kr 200 000. Påverkar ikkje resultatet.

Lønn

Det er budsjettet med 4 % lønnsoppgjør i 2015.

Det er budsjettet med 4 stillingar.

Av kapasitetsomsyn må ein innafor budsjetttrammene også leige inn revisjonstenester til kvalitetskontroll og støtte i oppdragsleiing. Totalt er det budsjettet med innleige av revisjonstenester kr 75 000. Det tilsvarer om lag 75 timar. Denne utgiftsposten inngår i innkjøpskostnader som er omtalt nedanfor.

Det er rekna med bruk av overtid med kr 112 000 inkl avsetning til feriepengar. Utgifter til styret er budsjettet med 5 møter.

Sosiale utgifter

Pensjonskostnad er budsjettet ut frå beste estimat som pr. d.d. er premieprognose for 2014 datert 05.09.2014.

I høve til prognose for 2014 er det reduksjon i pensjonskostnader med kr 150 000 + arbeidsgiveravgift. Reduksjon skuldast i hovudsak lågare reguleringspremie på grunn av stort overheng i lønnsoppgjoret samt at det er budsjettet med tilbakeføring av overskot frå premiefond i 2015.

Innkjøpskostnader

Budsjettet på grunnlag av faktiske utgifter forrige år.

Innleige av revisjonstenester er inkludert i summen.

Det er ikkje budsjettet med vesentleg kjøp av inventar eller utstyr.

Utgifter til nødvendig kompetansebygging blir halde på same nivå som tidlegare då dette er nødvendig for å oppretthalda kvalitet og kompetanse i selskapet. Dette gjeld og kostnader med fagleg samarbeid mot andre revisjonseiningar.

Renteinntekt

Her er budsjettet med ca 2% i renteinntekt.

Utvikling av rentesatsar er usikker.

Interne finansieringstransaksjoner

Refusjon fra Lindås kommune vedr. pensjonsforpliktelse blir inntektsført over 10 år med kr 74 000 pr. år. Siste år med slik inntektsføring blir etter denne planen 2017.

Eigenkapitalinnskot KLP, kr 35 000, blir utgiftsført som overføring til investeringsregnskap då denne kostnaden er ein investeringskostnad og blir balanseført under anleggsmidlar.

Budsjettet viser eif mindre overskot på kr 20 000 som er foreslått ført mot disposisjonsfond. Etter dette viser budsjettet resultat i balanse.

Nordhordland Revisjon IKS

Driftsbudsjett

	Budsjett 2015	Prognose 2014	Budsjett 2014	Regnskap 2013
Driftsinntekter				
Honorar	-4 676	-4 432	-4 534	-4 347
Merverdiavg og refusjon sykepenger	-200	-200	-200	-223
SUM DRIFTSINNTEKTER	-4876	-4632	-4734	-4570
Driftsutgifter				
lønnsutgifter	2618	2448	2472	2 115
Sosiale utgifter	1206	1351	1270	765
Kjøp av varer og tjenester	906	943	974	1 290
Merverdiavgift på kjøp	200	200	200	219
SUM DRIFTSUTGIFTER	4930	4942	4916	4389
Brutto driftsresultat	54	310	182	-181
Finansinntekter				
Renteinntekter	-35	-35	-30	-35
Sum finansinntekter	-35	-35	-30	-35
Netto driftsresultat	19	275	152	-216
Interne finansieringstransaksjoner				
Avsetninger til disposisjonsfond	20	272	272	0
Overføring til investeringsrekneskapen	35	35	30	31
Bruk av disposisjonsfond	-74	-74	-74	- 74
Bruk av tidligere års mindreforbruk	0	-380	-380	-372
Sum interne finansieringstransaksjoner	-19	-147	-152	-415
Årets resultat (neg = overskudd)	0	128	0	-631

Nordhordland Revisjon IKS

Balanseoversikt

(i heile kr 1 000)

~~21/14~~
11/14

	Budsjett	Prognose	Rekneskap
	pr. 31.12.15	pr. 31.12.14	pr. 31.12.13
Anleggsmidler			
Eigenkapitalinnskott KLP	529	494	459
Aksjar i NHR AS	97	97	97
Omløpsmidlar			
Kortsiktige fordringar	600	600	651
Likvidar	1 770	1 824	2 083
Sum eigendelar	<u>2 996</u>	<u>3 015</u>	<u>3 290</u>
Egenkapital			
Disposisjonsfond	1 585	1 499	1 301
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-	268	648
Rekneskapsmessig meirforbruk		(128)	
Kapitalkonto	626	591	556
Kortsiktig gjeld			
Anna kortsiktig gjeld	785	785	785
Sum gjeld og eigenkapital	<u>2 996</u>	<u>3 015</u>	<u>3 290</u>

- -

Nordhordland Revisjon IKS

Økonomiplan 2015-2019

Sak 12/14

	Budsjett 2015	År 2016	År 2017	År 2018	År 2019
Driftsinntekter					
Honorar kommunar	-4 101	-4 224	-4 351	-4 481	-4 616
Honorar andre	- 575	- 650	- 725	- 800	- 875
Merverdiavg og refusjon sykepengar	-200	-212	-218	-225	-232
SUM DRIFTSINNTEKTER	-4876	-5086	-5294	-5506	-5722
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	2618	2723	2832	2945	3063
Sosiale utgifter	1206	1225	1274	1325	1378
Kjøp av varer og tjenester	906	933	961	990	1020
Merverdiavgift på kjøp	200	212	218	225	232
SUM DRIFTSUTGIFTER	4930	5093	5285	5485	5692
Brutto driftsresultat	54	7	- 9	- 21	- 30
Finansinntekter					
Renteinntekter	-35	-20	-20	-20	-20
Sum finansinntekter	-35	-20	-20	-20	-20
Netto driftsresultat	19	- 13	- 29	- 41	- 50
Interne finansieringstransaksjoner					
Avsett til disposisjonsfond	20				
Overføring til investeringsrekneskapen	35	30	30	30	30
Bruk av disposisjonsfond	- 74	- 74	- 74		
Bruk av tidlegare års mindreforbruk					
Sum interne finansieringstransaksjoner	-19	-44	-44	30	30
Årets resultat (neg = overskudd)	0	-57	-73	-11	-20

Honorar

Honorarinntekter kommunar aukar med 3% årleg på grunn av prisstigning.
Honorar andre inkl. NHR AS er lagt inn med kr 575 000 i 2015 med auke
kr 75 000 årleg. Dette inkluderer prisstigning og nye oppdrag.

Lønn

I 2015 er det budsjettert med 4 tilsette og 4% lønsoppgjjer.
Denne bemanninga er vidareført i økonomiplanen, men må vurderast opp mot endring i aktiviteten.

Sosiale utgifter

Pensjonsutgiftene har store svingningar frå år til år. I planperioden er sosiale utgifter lagt inn med
45 % av lønsutgifter som tilsvarer gjennomsnitt for rekneskapsåra 2011, 2012 og 2013.

Innkjøp

Prisstigning på 3% lagt inn årleg.